



Kenneth Rambjørg
Rambjørgsvegen 154
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/702 - 23/8226

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
29.09.2023

Utending av protokoll for oppmålingsforretning gbnr 2/6 - Arealoverføring til bustadtomt gbnr 2/26 Rambjørg

Viser til oppmålingsforretning torsdag 28.09.2023. Forretninga gjeld arealoverføring frå gbnr 2/6 til bustadtomt gbnr 2/26. Vedlagt sender me protokoll frå forretninga.

Merknader til oppmålingsforretninga

Dersom me ikkje høyrer noko innan 2 veker frå mottak av dette brevet, vert matrikkelen oppdatert slik kartet i protokollen viser. Dersom du har merknader til protokollen eller ikkje er samd i det som er gjort, ber me om at du tek kontakt med landmålar innan fristen.

Tinglyst pant på avgjevareigedomen

Er det pant (for eksempel lån) på avgjevareigedomen, må partane sørje for å kontakte panthavaren (bank etc.) for avtale om pantefråfall snarast mogleg. Panthavaren må sende inn og tinglyse originalt pantedokument med påført eller vedlagt begjæring om sletting eller pantefråfall. Dersom pantet ikkje vert fråfalle, kan ikkje arealoverføringa gjennomførast.

X kommune rår til at banken bruker følgjande formulering i påteikninga:

Pantefråfall ved arealoverføring:

Det vert gitt pantefråfall i om lag 1543 m², som skal overførast frå gbnr 2/6 til gbnr 2/26. Arealoverføringa er registrert i Masfjorden kommune med saksnummer 23/702.

Erklæring om arealoverføring

Skjema «Erklæring om arealoverføring» må fyllast ut i 2 eks og sendast til kommunen ved landmålar. Kommunen sender erklæringa til Kartverket for tinglysing.

Eigenerklæring om konsesjonsfritak

Det vert kravd konsesjonsfritak for arealoverføringa. Skjema må leverast til kommunen slik at konsesjonsforholdet kan registrerast i matrikkelen.

Etter at arealoverføringa er tinglyst, vil me sende ut oppdatert matrikelbrev som viser eigedomen.

Skulle det vera nokon spørsmål er det berre å ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Protokoll for oppmålingsforretning

Kartvedlegg

Partsliste

Grunnbok_4634_2_6

Erklæring om arealoverføring

Eigenfråsegn

Mottakarar:

Kenneth Rambjørg

Rambjørgsvegen 154

5986

Hosteland

Ove Atle Rambjørg

Rambjørgsvegen 122

5986

Hosteland